



Frå avslutningsshowet på Raptus 2015. Øyvind Naterstad nr.2 f.v.(Foto: Trond Sætre)

Komande helg frå 14. til 16.september vert Norges største teikneserie festival Raptus arrangert i Bergen. Leiar for den storslåtte internasjonale festivalen er uskedelingen Øyvind Naterstad som voks opp i Korsnes. No jobbar han i Bergen, og dei seinare åra har han vore leiar for denne store årvisse festivalen.

Hovudbase for Raptus er i år Bergen offentlege bibliotek, det største biblioteket i Bergen sentrum. Her byr arrangørane på eit svært omfattande program med stands, filmframvisningar, føredrag, workshops og meir. Blant gjestene finn vi dei mest kjente innan teikneseriefeltet både i Norge og utlandet. Mange land er representert, og vi nemner finske Aina Sutinen, italienske Laura Zuccheri, Oliver Schwarts frå Frankrike og spanske Pere Perez. I tillegg til at det kjem fleire frå desse landa kjenner vi og til at danske og amerikanske teikneserieskaparar er på gjestelista.

Lista over norske teikneserieskaparar er også lang. Vi nemner berre Lise Myhre kjend frå Nemi, Øyvind Sagåsen, opphavelag frå Odda, som m.a. er kjend frå Pyton og Brannkorpset og Audun Røberg jr. som mellom anna er kjend frå Kjell Aukrust si historie om Gurin med reverompa. Bjørnar K. Meisler som har teikna Fjorden Cowboys, ei Flåkløya bok og mykje meir, kjem òg. Det er kunstnarar frå eit breidt spekter med ulik bakgrunn som kjem frå mange kantar til Raptus-festivalen.

Det er eit stort opplegg som går av stabelen i Bergen sentrum neste helg, og uskedelingen Øyvind Naterstad losar det nok godt i hamn. Han har etter kvart opparbeidd seg mykje rutine og er ein sentral person i teikneseriemiljøet her i landet. Etter det vi kjenner til, er det også uskedelingar mellom dei frivillige på festivalen.

De finn program og meir om Raptus 2018 ved å klikka [HER](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.